

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Bjarte Vatnøy (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget ber fylkesdirektøren vurdere leige av areal til utvida arkivkapasitet som alternativ til utbygging i eigenregi med investeringar på 59 mill kr. Dette gjev fylkeskommunen større fleksibilitet i framtida.»

### **Avrøysting**

*Det var 62 representantar til stades*

Vatnøy sitt forslag fekk 6 røyster (FRP) og fall.  
Innstillinga vart vedteken mot 6 røyster (FRP).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.
2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar slik at forventa leigeinntekter er sikra
3. Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.